

 <b>Utlendingsdirektoratet</b>	Søknadsstad (stampelet til politidistriktet eller utanriksstasjonen)	<b>Bilete</b>
	Dato	
	DUF-nr	
	Saksnr	

## Søknad om norsk statsborgarskap

Søknaden skal leverast til politiet.

Skjemaet skal fyllast fullstendig ut og vere oversiktleg og lett leseleg. Bruk blokkbokstavar.

Om søkjaren er under 18 år, må søknaden fyllast ut og underteiknast av begge foreldra eller den av foreldra som har foreldreansvar åleine.

### 1. Personopplysningar (Personnamn skal skrivast som i reisedokumentet ditt)

Familienamn		Fødselsdato (dag, måned, år)	Norsk personnummer
Fornamn		Noverande statsborgarskap (alle statsborgarskap skal oppgjevast)	Yrke
Mellomnamn		Kjønn <input type="checkbox"/> Mann <input type="checkbox"/> Kvinne	Dato då du kom til Noreg (dag, måned, år)
Eventuelt tidlegare familienamn		Fødestad/-by	Fødeland
Sivil status <input type="checkbox"/> Gift/ <input type="checkbox"/> Ugift <input type="checkbox"/> Partnerskap <input type="checkbox"/> Sambuar <input type="checkbox"/> Separert		Enke <input type="checkbox"/> Skild <input type="checkbox"/> (-mann)	Stad og dato for siste endring
Adresse		Postnummer	Poststad
Telefon	Mobil	E-post	Faks
Arbeidsgjevar		Arbeidsgjevaren si adresse	
Telefon	Mobil	E-post	Faks

### 2. Personopplysningar for eventuell ektefelle/partnar/sambuar

Dersom du er gift med fleire personar, skal opplysningar om dette gjevast på eige ark.

Familienamn		For-/mellomnamn	
Kjønn <input type="checkbox"/> Mann <input type="checkbox"/> Kvinne	Noverande statsborgarskap (alle statsborgarskap skal oppgjevast)	Fødselsdato (dag, måned, år)	Evt. norsk personnummer
Fødestad	Fødeland	Referansenummer i UDI/DUF-nummer	
Adresse (gate/veg, nummer)		Telefon/mobil	E-post

### 3. Identitets-/reisedokument

Fyll ut informasjon om reisedokumentet ditt. Dersom du ikkje har reisedokument, fyller du ut informasjon om andre identitetsdokument.

Reisedokument <input type="checkbox"/> Pass frå heimlandet <input type="checkbox"/> Norsk eller internasj. reisedokument <input type="checkbox"/> Ikkje reisedokument		Andre identitetsdokumenter <input type="checkbox"/> Nasjonalt identitetskort <input type="checkbox"/> Nasjonalt statsborgarbevis <input type="checkbox"/> Fødselsattest		Andre dokument som gir opplysningar om din identitet (forklar og legg ved)	
Nummeret på reisedokumentet		Utferda dato (dag, måned, år)		Gyldig til (dag, måned, år)	
Land og stad dokumentet er utferda			Utferda av (utferdande styremakt)		
Oppgi andre personar som er innførde i dokumentet					

#### 4. Gjeld om søkjaren er under 12 år (Barnet skal få høve til å uttrykkje meininga si)

Har barnet fått høve til å uttrykkje meininga si? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja, aksepterer barnet å bli norsk statsborgar? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Viss nei, oppgi grunnen:	

#### 5. Opphald i utlandet

Har du planar om å opphalde deg i utlandet? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja: Kor lenge blir du i utlandet og når skal du reise?
Kva er grunnen til at du reiser? (Skal dokumenterast, jf. pkt. 11)	Oppgi kva for eit land du reiser til

#### 6. Lova sitt krav om felles bustad (skal fyllast ut dersom du er ektefelle, registrert partnar eller sambuar til norsk borgar)

Har du og din ektefelle, registrerte partnar eller sambuar budd frå kvarandre? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja, oppgi når (frå-til)
Kva var grunnen til at de ikkje budde saman?	

#### 7. Straffbare forhold (Bruk eige ark dersom du har behov for meir plass)

Er du straffa i utlandet eller har du sona i utlandet? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Kva vart du straffa for?
Når og kvar skjedde det?

#### 8. Løysing frå statsborgarskap

Norske styresmakter krev i utgangspunktet at du løyser deg frå eller gir avkall på anna statsborgarskap. Du får ein frist på eitt år til å leggja fram dokumentasjon fra offentleg styresmakt for at du er løyst.

Nokre land løyser ikkje borgarane sine utan vidare. Det kan til dømes vere at dei fyrst må ha fått løyve til å busetje seg i utlandet. Du har sjølv ansvar for å gjere det som er naudsynt for at du kan verte løyst innan fristen på eitt år.

Det som er sagt ovanfor, gjeld ikkje dersom du automatisk misser statsborgarskapen når du får norsk statsborgarskap. Det er lovgivinga i ditt opphavlege heimland som bestemmer når statsborgarskapen i landet går tapt. Du kan undersøkje med styresmaktene i landet eller landet sin representasjon (ambassade, generalkonsulat) i Noreg eller utlandet kva reglar som etter landet si lovgiving gjeld for opphøyr av statsborgarskap.

#### 9. Norskopplæring

Den som er mellom 18 og 55 år må ha gjennomført 300 timar godkjend opplæring i norsk; eller kunna dokumentere tilstrekkelege kunnskapar i norsk eller samisk.

Dette gjeld ikkje den som har busetjingsløyve og har gjennomført opplæring i norsk for å få det løyvet.

Språkkravet er oppfylt dersom søkjaren anten:

- har gjennomført 300 timar godkjend opplæring i norsk;
- har greid språkprøve (Norskprøve 2 eller Norskprøve 3);
- har gjennomført opplæring i norsk eller samisk etter læreplanar for faget i grunnskulen eller vidaregåande opplæring, og det er sett karakter i faget;
- har gjennomført studium på norsk eller samisk på universitets- eller høgskulenivå i Noreg eller i utlandet som svarer til 30 studiepoeng; eller
- har oppfylt inntakskrav for studium på norsk eller samisk for universitet eller høgskule i Noreg

Fritekne frå kravet om gjennomført opplæring i norsk er søkjarar som på grunn av særskilte helseproblem eller andre tungtvegande årsaker ikkje kan ta del i og gjennomføre 300 timar opplæring i norsk i løpet av tre år.

Tilhøve som søkjaren meiner gjev grunnlag for fritak, må dokumenterast.

#### 10. Generelt om namn

I statsborgarbrevet blir namnet ditt skrive slik det er registrert i folkeregisteret.

Ønskjer du at eitt eller fleire namn skal skrivast på ein annan måte i statsborgarbrevet enn det som er registrert, eller å endre namn eller rekkjefølgja på namna, må du kontakte folkeregisteret og levere dokumentasjon på eventuell namneendring saman med søknaden.

## 11. Dokument som skal leggjast ved søknaden

- Fødselsattest (gjeld berre dersom du er fødd i utlandet); er søkjaren under 18 år skal fødselsattesten vise foreldra sitt namn.
- Vigselsattest/Stadfesting på sambuarskap/Attest for partnerskap (gjeld viss du er eller har vore gift, er sambuar eller lever i registrert partnerskap)
- Nøyaktig reiseoversikt for alle reiser ut og inn av Noreg (sjå vedlegg)
- Likningsattest eller skatteoppgerskjema (gjeld dersom du må løysa deg frå statsborgarskapen din, og du meiner gebyret for å verta løyst er urimeleg tyngjande i høve til inntekta di)
- Dokumentasjon for gjennomført godkjend opplæring i norsk eller tilstrekkelege kunnskapar i norsk eller samisk, eventuelt fritaksgrunnar, sjå nærare under pkt. 9.
- Dokumentasjon på formålet med planlagt utanlandsopphald, til dømes studiar, jf. pkt. 5
- Politiattest viss søkjaren er over 15 år (vert lagd ved av politiet)
- Kopi av gamle og nye reisedokument for dei siste ti åra eller for tida du har hatt løyve til opphald i Noreg, dersom det er mindre enn ti år.

### Tillegg viss søkjaren er under 18 år:

- Stadfesting frå skolen på at søkjaren følgjer undervisninga (gjeld søkjar i skolepliktig alder)
- Dokumentasjon frå offentleg styremakt på kven som har foreldreansvaret (gjeld dersom ein av foreldra ikkje har del i foreldreansvaret, eller andre enn foreldra har del i foreldreansvaret)

## 12. Generelt om vedlegg

Dersom søknaden manglar dokument som skal vedleggjast, må du skriftleg gjere greie for årsaka til dette. Dokument som ikkje er utferda av norsk styremakt, skal visast for politiet i original. Politiet skal ta kopi. Alle kopiar skal vere attesterte som rett kopi av offentleg styremakt. Attesten skal vere underskriven, stempla og datert. Dokument som ikkje er utferda på engelsk eller norsk, skal omsetjast til engelsk eller norsk, og omsetjinga skal følgje søknaden saman med attestert kopi av originaldokumenta. Er dokumentet omsett, skal rett omsetjing vere stadfesta av autorisert translatør eller offentleg tolketeneste. Stadfesting skal vere datert og skal følgje søknaden. Du må sjølv sørje for omsetjing og stadfesting og betale for dette.

## 13. Bruk av opplysningane i skjemaet

Utlendingsstyremaktene vil nytte opplysningane i søknadsskjemaet i samband med handsaming av søknaden. Opplysningane vil bli registrerte i Datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF). Opplysningane dine kan bli utleverte til andre relevante styremakter for å kontrollere og utfylle dei opplysningane du har gitt. Ved behov vil det også bli innhenta opplysningar om deg frå andre norske og utenlandske styremakter, også frå politimynde. Viss du får tildelt statsborgarskap, vil denne opplysninga bli overført til folkeregisteret og fylkesmannen. Du kan kontakte UDI for å få nærare informasjon om vår bruk av opplysningane dine, din rett til innsyn i saka og framgangsmåte viss du vil be om at opplysningane vert endra. Du finn meir informasjon om handsaminga av personopplysningane dine på [www.udi.no](http://www.udi.no)

Eg er innforstått med at UDI vil underrette styremaktene i heimlandet mitt viss eg får norsk statsborgarskap, men at UDI ikkje vil underrette styremaktene dersom omsynet til min tryggleik tilseier dette.

Eg stadfestar at opplysningane som er gitt i denne søknaden og oversynet over utenlandsopphald er korrekte og fullstendige.

Eg er kjend med at det er straffbart i samsvar med statsborgarlova av 10. juni 2005 nr. 51 § 33 å gi vesentleg urette eller openbert villeiande opplysningar, som å teie om opplysningar av vesentleg tyding.

Vedtaket om statsborgarskap kan kallast tilbake viss søkjaren mot betre vitande har gitt urette opplysningar eller tagd om forhold av vesentleg tyding for vedtaket, jf statsborgarlova § 26 andre leddet.

## 14. Underskrift

**Gjeld søknaden born under 18 år, må søknaden underteiknast av begge foreldra eller av den av foreldra som har foreldreansvar åleine. Born over 12 år må signere i tillegg til foreldra, sjå under pkt. 15.**

Stad og dato	Søkjaren si underskrift
Stad og dato	Underskrift til forelder/verje
Stad og dato	Underskrift til forelder/verje

## 15. Gjeld born over 12 år (barnet må samtykkje i at det blir søkt om statsborgarskap)

Eg samtykkjer i at det blir søkt om statsborgarskap for meg.

Stad og dato	Underskrift
--------------	-------------

